

## **Som om eg har vore her før, del II**

(*Lament for øydelagde minner*)

*Note er vedlagt- tenk på det som ein Real Book Note- det er lov å utbrodere denne.  
Tenker Are på eit rymisk ostinat, Anne på melodi, eg og Siri kjem til å synge eit omkved på teksten «Vente og sjå, vente og sjå, vente og slutte og tenke og vente og sjå». Dette er ikkje notert inn i noten, men sunge inn og lagt i dropboxmappa kalla Partitur.*

Musikarane er plassert i midten av rommet, publikum langs veggene på krakkar.

Lyset er fokusert mot midten, og har eit varmare preg enn i rom 1.

### **NB! Overgang frå sal 2 til sal 3:**

Are, Anne, Klaus og Siri er i rommet etter at dei forlot sal 1

Architek kjem inn i rommet medan dei spelar på ulike typar klangperkusjon og går rundt oss når dei har komme seg ned frå lysbru. Dei skal komme inn etter publikum.

#### **Form**

- 1.gong- melodi, A + B gjennom
- 2.Gyrid les tekst nr 1, bassklarinett fortset saman med gitar, fele legg seg på grunntone, kviskrande lyd.
- 3.Etter teksten er ferdig, frå toppen att, spele A – del x2, Gyrid syng omkved «vente og sjå».
- 4.Gyrid les test nr 2- B- del inn når teksten er ferdig.
- 5.Improvisasjon, Are, over heile melodien.
6. vente og sjå, omkved, Gyrid og Siri saman med improvisasjon Are.
- 6.Alle startar frå toppen att, melodien blir spela svakare og svakare, meir og meir luftlyd på kalrinett og støylyd på fele, Are går over til å spele ostinat på gitarkroppen- alt er veldig svakt- Gyrid leser tekst 2.
- 7.Sluttent av teksten er: vinden i grantrea- shhhh → Architek går først vidare ut i gangen, Gyrid og Siri følger på og tar med publikum , publikum går gjennom ekkoet/lyden langt borte som befinn seg der.

**(i gangen ut til foajeen att er det plassert høgtalarar langs veggene og transduserar over to av dørene som spelar lydkomposisjonen *Ekko frå fortida*).**